

Protokoll frå møtet i det regionale brukarutvalet 3. september 2008

Til stades: Jostein Melheim, Solfrid Lillebø, Marit Sundal, GunnLeiknes, Njål Idsø, Steinar Andersen, Ingeleiv Haugen, Else-Berit Ingvaldsen og Ruth Thu

Sekretær: Torleiv Bergland

1. Administrerande direktør i Helse Vest RHF, Herlof Nilssen, ønskja det nyoppnemnde regionale brukarutvalet velkommen

Herlof Nilssen peikte i sin velkomsthelsing mellom anna på at brukarutvalet skal vere eit talerøyr for eit samla tenestetilbod på Vestlandet. Utvalet må balansere mellom regionalt og lokale omsyn.

Utvalet skal samarbeide med særorganisasjonane og utvalsmedlemmene skal delta i ulike prosjekt. Utvalet skal også finne sin posisjon i forhold til styret og administrasjonen i Helse Vest. Herlof Nilssen oppmoda brukarutvalet til å vere tydeleg og ta opp dei sakene som utvalet opplever som dei viktigaste.

2. Sak 10/08 Konstituering av nytt regionalt brukarutval, val av leiar og nestleiar

Jostein Melheim vart føreslått som leiar. Njål Idsø vart føreslått som nestleiar. Det var ingen andre forslag.

Vedtak

Jostein Melheim vart samrøystes vald som leiar av det regionale brukarutvalet.
Njål Idsø vart samrøystes vald som nestleiar av det regionale brukarutvalet.

3. Informasjon ved kommunikasjonsdirektør i Helse Vest, Bjørg Sandal

a. Noreg –helse i verdstoppen

Berre USA, Luxemburg og Sveits brukar meir pengar på helsetenester per innbyggjar enn Noreg.

b. Ein ser eit gap mellom det som er dei økonomiske rammene og dei forventningane ein opplever at befolkninga har. Ein stad imellom desse to ”ytterpunkta” finn ein det som er ”medisinsk mogleg.

c. Helse Vest har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Helse Vest eig helseføretaka Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna. Helse Stavanger og Apoteka Vest. I tillegg eig ein aksjeselskapet Helse Vest IKT AS. Spesialisthelsetenesta i regionen omfattar om lag 50 sjukehus og institusjonar og skal gi helsetenester til omlag ein million innbyggjarar. 25 000 tilsette arbeider ved verksemdene i regionen.

d. Organisasjon:

Øvst i organisasjonen finn ein vår lovgivande forsamling, Stortinget. I linje under

Stortinget sorterer Helse – og omsorgsdepartementet (HOD) Deretter kjem Helse Vest RHF i direkte linje under HOD. Helse Vest er 100 % statleg eigd. I linje under Helse Vest finn ein så dei enkelte helseføretaka som til dømes Helse Bergen.

e. Styring av helseføretaka skjer gjennom

- statleg styring
- lovar, vedtekter, pengar og eigarskap
- føretaksmøte
- styret
- styringsdokument
- ulike møtearenaer

f. Helse Vest i dag:

- Høg andel ø-hjelp innleggingar
- Låg andel dagbehandling
- Låg dekning innan barne- og ungdomspsykiatri
- Ressurskrevjande struktur
- Ressursane fordel seg slik på dei ulike områda: somatikk – 79 %, psykisk helsevern – 16 %, rusbehandling – 2 %, Rehabilitering/opptrening – 2 %

g. Nokre resultat etter at Helse Vest overtok ansvaret frå fylkeskommunane frå 2002:

- Fleire pasientar får behandling
- Kortare ventetid: år 2002 – 218 dagar i gjennomsnittleg ventetid, år 2008 – 112 dagar i gjennomsnittleg ventetid
- Pasientar med rett til nødvendig helsehjelp (prioriterte pasientar) har ei gjennomsnittleg ventetid på 77 dagar.
- Kapasiteten ved sjukehusa vert utnytta langt betre enn for få år tilbake.
- Oppretta stilling for pasienthjelpar, som gir pasientar praktisk og individuell hjelp til pasientar som står i sjukehuskø.

h. Helse 2020, strategi for helseregionen

Visjon: Fremme helse og livskvalitet

4. Sak 11/08 Gjennomgang av deltaking i prosjekt, ev. val av nye prosjektmedlemmer

Utvalet var opptatt av at ein måtte finne den beste personen til dei ulike prosjekta. Personen må ikkje nødvendigvis kome frå det regionale brukarutvalet. Brukarutvalet var også opptatt av at brukarrepresentantane skal rapportere frå prosjekta.

Utvalet såg det ikkje føremålstenleg å operere med vararepresentantar til prosjekt.

Nedanfor følgjer oppdatert oversikt over prosjekt, brukarrepresentantane og planlagd avslutning av prosjektet. Brukarrepresentantane vart vedtatt av utvalet.

Vedtak

Brukarrepresentant	Prosjekt	Planlagt avslutta
Jostein Melheim	1. NISSY, IKT-system for sjuketransport, regionalt prosjekt	ut 2008
	2. Anskaffelse av nettverksløyser til Helse Vest og Helse SørAust (styringsgruppa)	påske 2009
Helen Aareskjold	Regionalt nettverk for Lærings- og meistringssentra	ikkje tidsakse
Gerd Bjørkedal	1. Bruk av avtalespesialistane	ut 2008
	2. Forskningsprosjekt innan angst	2009
	3. Regional plan for psykisk helsevern	nov. 2008
Marit Sundal	1. Regional plan for psykisk helsevern	nov. 2008
	2. Forskningsprosjekt innan depresjon	2009
	3. Regionalt nettverk for Lærings - og meistringssentra	ikkje tidsakse
Ruth Thu	Spesialisthelseteneste for eldre	begynnelsen av 2009
Else-Berit Ingvaldsen	Referansegruppa for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i region vest	ikkje tidsakse
Ingeleiv Haugen	Referansegruppa for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i region vest	ikkje tidsakse
Gunn Leiknes	Referansegruppe for nasjonale brukarerfaringsundersøkingar i regi av Helsedirektoratet	ikkje tidsakse
Ingrid Mällberg	1. Referansegruppe for KORFOR (rus)	ikkje tidsakse
	2. Overføring av enkeltoppgjør frå NAV til helseføretaka	2008
	3. Legemiddel og pasienttryggleik	2008
Steinar Andersen	Kvalitetsforum og styringsgruppa for kvalitet i helsetenesta	ikkje tidsakse
Paul G. Liland	Forskningsprosjekt om psykose	2009

5. Sak 12/08 Dekning av reiseutgifter samt møtegodtgjøring for brukarrepresentantar som er med i drifta av Lærings- og meistringssentra

Som eit ledd i kurs og møter ved Lærings – og meistringssentra (LMS) er likemenn frå dei ulike brukarorganisasjonane ei av søylene som desse sentra er tufta på.

Brukarorganisasjonar erfarer at møter og kurs i regi av LMSa verte haldne innanfor ordinær arbeidstid, noko som gjer det krevjande å klare å skaffe likemenn.

Per i dag opplever likemenn som deltek på møte og kurs ved LMSa ofte eit økonomisk tap som følgje av at dei stiller sin brukar- og likemannskompetanse til disposisjon.

Brukarutvalet var opptatt av at brukarane ikkje må misbrukast. Likemenn må få kompensert for den kompetansen og innsatsen som dei stiller til disposisjon. Dei må ikkje kome dårlegare ut økonomisk. Brukarar er ikkje helsepersonell, men dei er likeverdige.

Det regionale brukarutvalet finn det rimelig at likemenn som medverkar ved kurs og møter i regi av LMS a vert kompensert for reiseutgifter, tapt arbeidsforteneste og overnattingskostnader. Utvalet finn det også rimeleg at det vert gitt godtgjersle for den tid og kompetanse som vert stilt til rådvelde.

Vedtak

Det regionale brukarutvalet vil ta saken opp med Helse Vest for å få til ei felles løysing for alle helseføretaka.

6. Sak 13/08 Gjennomgang av møteplanen for 2008

Vedtak

Neste møte i brukarutvalet vart satt til onsdag 15. oktober, i Bergen.
Siste møte i utvalet i 2008 vart satt til torsdag 4. desember, i Bergen.

Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Torleiv Bergland
Sekretær for regionalt brukarutval